



## **MØTEPROTOKOLL**

### **Kontrollutvalet**

**Dato:** 16.05.12                      **Kl.:** 09.00 – 12.30                      **Stad:** Møterom på Bømlo sjukeheim  
**Saknr.:** 27/12 – 31/12

### **MØTELEIAR**

Sonja Hellen Sele ( H )

### **DESSE MØTTE**

Georg Lønning (H)  
Svanhild Vespestad (Ap).  
Kåre Habbestad (SP)  
Terje Olav Nesse (V)  
John-Kåre Torkelsen (Krf)

### **FORFALL**

### **DESSUTAN MØTTE**

Ikt konsulent Jostein Sæverud og ikt rådgjevar Atle Midtbø heldt iPad kurs for kontrollutvalet. Kommunalsjef v/ Eining for oppvekst, kultur og idrett Geir Aga heldt ein presentasjonen av eininga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Med seg hadde han rektor ved Bremnes Ungdomsskule Hans Arnevik, skulefagleg rådgjevar Bjørn Håvard Bjørklund og rådgjevar oppvekst Linda Hellen. Senior konsulent Tone Mari Dahle frå Deloitte AS, var med under presentasjonen av eining for oppvekst, kultur og idrett, og resten av møtet. Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

## **Sakliste:**

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>
27/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
28/12	Godkjenning av protokoll frå møte 24.04.12
29/12	Gjennomgang av møteprotokollar
30/12	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016
31/12	Plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016
	Ymse

## **27/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## **28/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 24.04.12**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 24.04.12.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 24.04.12 vart samrøystes godkjend, med dei rettingane som kom fram i møtet.

## **29/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.**

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt alle B-saker frå kommunen, som vert sendt til handsaming i kommunestyret, formannskapet, utval for oppvekst, kultur og idrett, utval for helse og omsorg og utval for areal og samferdsel. Sekretariatet tek kontakt med kommunen for å koma fram til ei teneleg ordning.

Etter sams drøfting vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **30/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 – 2016**

### FORSLAG TIL VEDTAK:

(Endeleg vedtak i kontrollutvalet)

1. Deloitte AS vart beden om å redigere plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av planen.
3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ....., slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møtet 11.6.2012.

### FORSLAG TIL INNSTILLING:

(Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.

4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

#### HANDSAMING I MØTET

Seniorkonsulent Tone Mari Dahle frå Deloitte AS presenterte planen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Planen vert ferdigstilt av Deloitte AS innan ei veke frå dags dato.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK:

1. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ei veka, slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møtet 11.6.2012.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

### **31/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 – 2016**

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

(Endeleg vedtak i kontrollutvalet)

1. Deloitte AS vert beden om å redigere plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av planen.
3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ....., slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møte 11.6.2012.

#### FORSLAG TIL INNSTILLING:

(Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultat av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.

6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

#### HANDSAMING I MØTE

Seniorkonsulent Tone Mari Dahle frå Deloitte AS presenterte planen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Planen vert redigert i høve sidetal og ferdigstilt av Deloitte AS innan ei veke frå dags dato.

Kontrollutvalet ynskjer at desse endringane skal takast med i planen:

*”Når det av kommunale midlar vert ytt tilskot til verksemdar /aktivitetar som ikkje er underlagt kommunal kontroll, eller der kommunen går inn på eigarsida i selskap som ikkje er underlagt kommunal kontroll, skal det innarbeidast standard atterhald om kontroll. I slike høve skal det takast atterhalde om at kommunen sin revisor kan setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.”*

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK:

1. Deloitte AS vert beden om å redigere plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av planen.
3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ei veke, slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møte 11.6.2012.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### INNSTILLING:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre med tillegg.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatene av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne ”revisjonen” og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

#### YMSE

- Ikt konsulent Jostein Sæverud og ikt rådgjevar Alte Midbø heldt kurs for KUV medlemmene i bruk av iPad. Dei av medlemmene som har behov for meir opplæring/hjelp vert bedne om å ta kontakt med ikt avd i kommunen.
- Kommunalsjef for Eining for oppvekst, kultur og idrett Geir Aga heldt ein presentasjonen av eininga og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Med seg hadde han rektor ved Bremnes Ungdomsskule Hans Arnevik, skulefagleg rådgjevar Bjørn Håvard Bjørklund og rådgjevar oppvekst Linda Hellen.
- Kontrollutvalet ynskjer framleis at møteinnkalling og møteprotokollar vert sendt ut i papirformat. Denne rutinen skal vurderast i neste møte.

Sonja Hellen Sele  
Leiar

Elin Molven  
Sekretær